



Vår dato:

12.08.2024

Vår ref:

2024/8241

Dykkar dato:

12.06.2024

Dykkar ref:

2023/2406

HÅ KOMMUNE
Rådhusgata 8
4360 VARHAUG

Kontakt saksbehandlar
Helene Medhus Skedsmo, 51568821

Uttale - høyring og offentleg ettersyn - kommuneplan - Hå - kommunal planstrategi 2024-2027

Me syner til høyringsbrev av 12.06.2024.

Hå kommune har sendt «Planstrategi 2024 – 2027» på høyring og offentleg ettersyn. Det er eit kortfatta dokument som tek føre seg kommunen sitt planbehov for kommunestyreperioden. Det er ikkje avklart kor vidt kommuneplanen skal reviderast, men det er trekt fram nye temaplanar som skal utarbeidast og ei rekke eksisterande temaplanar som reviderast.

Av nye nasjonale føringer vil me særleg trekke fram følgjande:

- nye Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027
- ny nasjonal jordvernstrategi og revidert regionalt jordvernål
- forpliktingar i den nye Naturavtalen
- endring av klimamåla for 2030 i § 3 i klimaloven
- ny barnevernslov
- den tryggingspolitiske utviklinga i Europa inneber større forventningar til heilsakleg planlegging som også sikrar totalberedskapen
- ny lov om kommunane sitt ansvar på det bustadpolitiske feltet.

Høyringsdokumentet:

Hå kommune har sendt planstrategi på høyring. Det går fram av dokumentet at Formannskapet har vedteke at det skal vurderast kor vidt det er trong for å revidere arealdelen etter at ny kommuneplan er vedteken.

Statsforvaltaren fekk pr. brev av 25.06.2024 melding om at Kommunestyret i Hå kommune vedtok kommuneplan 2024-2036 i møte den 20.06.2024, både samfunnssdel, arealdel med føresegn og kommuneplankart.

Det er på s. 12-14 i planstrategien synt til ulike planar som er under arbeid, skal reviderast og planar som skal gå ut mv. Temaplanar som er nemnd og som er nye er til dømes Plan for turnett i Hå kommune, Kvalitetsplan for psykisk helse og rusvern, Handlingsplan for velferd og Oppvekstplan. Det går også fram at det er fleire temaplanar under arbeid, til dømes Folkehelseplan for Hå 2019-



2023, Plan for frivillig arbeid 2018-2022, Plan for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferds-vanskar, Kulturminneplan. Elles er det vist til planar som skal reviderast, til dømes Overordna beredskapsplan for Hå kommune, Heilskapleg ROS, kvalitetsplanar for barnehage og skule, trafikktryggleiksplan, skolebruksplan mv.

Lovgrunnlag

Å vedta kommunal planstrategi er ei lovpålagt oppgåve med heimel i plan- og bygningslova § 10-1 som lyd slik:

«Kommunestyret skal minst en gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i planperioden.»

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.»

I dei nye [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#) av 20.07.2023, kjem Regjeringa sine forventningar til kommunane si planlegging, klima, miljø og jordvern med vidare, fram. Regjeringa forventar at kommunane prioriterer arbeidet med planstrategiar for å sikre at planane er oppdaterte og møter behova som følger av endringar i samfunnsmessige, demografiske, politiske og naturgitte forhold.

Statsforvالتaren si vurdering

Kommunal planstrategi er først og fremst eit strategisk dokument for kommunen som skal vere førande for kommunen sine prioriteringar av planarbeidet i den komande valperioden. Utarbeiding av planstrategien skal ta utgangspunkt i kommunen sitt behov basert på ei lokal vurdering, men strategien skal også gi grunnlag for å vareta nasjonale og regionale interesser i den kommunale planlegginga.

Med bakgrunn i våre sektorinteresser har me følgjande merknadar til det oversendte forslaget:

Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid er i dag ein viktig del av kommunen si verksemeld. Interkommunalt samarbeid kan omfatte alt frå utføring av tenester, faglege nettverk for informasjonsutveksling og kompetanseheving, til politiske samarbeidsorgan for ein region m.m. Det er lagt til rette i kommunelova for samarbeid mellom kommunar både når det gjeld driftsoppgåver og myndighetsoppgåver. Kommunen kan gjennom arbeidet med revidering av eksisterande planar og arbeid med nye planar legge opp til ein systematisk gjennomgang av om det er område i kommunen der ytterlegare samarbeid, eller nye samarbeidsformer, med andre kommunar eller andre kan vere naudsynt for å levere god kvalitet på lovpålagte tenester, oppnå effektiviseringsgevinstar og sikre eit berekraftig velferdssamfunn inn i framtida.

Folkehelse

Arbeidet med planstrategi skal bygge på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. § 5 i folkehelselova set krav til kommunen om å ha naudsynt laupande oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar helsa. Kvart fjerde år skal kommunane utarbeida eit samla oversikts-



dokument. Oversiktsdokumentet skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, jf. folkehelselova § 6 og forskrift om oversikt over folkehelsa § 5. Konsekvensar og årsaksforhold skal vere vurdert i oversiktsdokumentet, og trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem skal ha eit særskilt fokus.

Folkehelseutfordringane skal vektleggast i drøfting og vurdering av alle relevante planar for kommunen som samfunn og organisasjon, jf. plan og bygningslovas § 3-1 f. Dersom oversiktsdokumentet viser at kommunen har folkehelseutfordringar på eitt eller fleire område, men ikkje har mål, tiltak og strategiar for å løyse dette i eksisterande planar, eller ser at noverande planar ikkje er gode nok, bør dette drøftast i arbeidet med planstrategien. På denne måten vil ein også sikre ei overordna koordinering av den tverrfaglege/-sektorielle innsatsen som må til for å følgje opp identifiserte folkehelseutfordringar.

Me merker oss at Hå kommune har utarbeidd «Folkehelseoversikt 2024 – 2027» og at dette blir brukt i planstrategien. Me oppmodar kommunen til å lage gode system for å følgje med på utfordringane som er identifisert.

Statsforvaltaren vil utover dette trekke frem lovendringar knyta til barnevernsreforma og kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet. Me ønsker og å sette fokus på rekrutterings- og kompetanseplanlegging i helse- og omsorgstenestene.

Barnevernsreforma flyttar meir ansvar til kommunane på barnevernsområdet. Reforma skal bidra til å styrke det forebyggande arbeidet, tidleg- og tverrsektoriell innsats. Ny lov om barnevern § 5-1, pålegg kommunane å utarbeide planar for arbeid med å forebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem. Planen skal vedtakast av kommunestyret og kan sjåast på som ein av grunnsteinane i kommunen sitt arbeid med barnevernreforma. Me merker oss at Hå kommune har lagt plan for førebygging inn i planstrategien, og oppfordrar kommunen til å halde fokus på førebyggande arbeid retta mot barn og unge.

«Plan mot barnefattigdom» blir nemnt under planer som går ut. I kommunen si Folkehelseoversikt blir det samstundes vist at eit aukande tal husstandar med låg inntekt er ei utfordring. Det blir og nemnd at det å vekse opp i familiar som over tid har låg inntekt, har mykje å seie for barn si helse og velferd. Me legg til grunn at kommunen sørger for at arbeidet mot barnefattigdom blir tatt i vare i anna planverk.

Ny lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet § 5 pålegg kommunen å ha oversikt over behovet for både ordinære og tilpassa bustadar for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Tilpassa bustader er bustader med hjelpe- og vernetiltak for dei som treng det på grunn av alder, funksjonsnedsetjing, rus- og/eller psykiske plagar eller andre årsaker. Oversikten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi etter plan- og bygningslova § 10-1. Ei drøfting av kommunen sitt bustadsosiale arbeid bør inngå i planstrategien. Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplanen etter plan og bygningslova kapittel 11 fastsette overordna mål og strategiar for det bustadsosiale arbeidet. Måla og strategiane skal vere eigna til å møte dei utfordringane kommunen står ovanfor. Utgangspunktet skal vere oversikten nemnt i første punktum. § 10 i den nye lova om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet. Dette er ei overgangsføresegn som seier at krava til planstrategi og kommuneplan etter § 5 skal være oppfylt seinast fire år etter at lova trer i kraft. Hå kommune må vurdere om dette perspektivet er tilstrekkeleg vareteke i planstrategien.

Rekrutterings- og kompetanseplanlegging skal takast godt i vare kommunane si samfunnsplanlegging. Statsforvaltaren har i oppdrag å støtte og rettleie kommunane i deira arbeid med



strategisk kompetanseutvikling. For at kompetanseutviklinga skal vere strategisk, må den støtte måla og oppgåvene i verksemda.

Me anbefaler at kommunane utarbeider skriftlege, politisk vedtekne planar for å sikre kapasitet, kompetanse og kvalitet i helse- og omsorgstenestene. Demografiutfordringar og berekraft bør være tema i planane.

FN-konvensjonen for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)

FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) skal leggast til grunn i alt arbeid i kommunen som råkar personar med funksjonsnedsetting. Dette betyr innan dei fleste av kommunen sine tenester og ansvarsområde. Å bygga opp kompetansen om CRPD, og om det praktiske arbeidet som må til for å oppfylle rettane til personar med funksjonsnedsetting, krev eit eige fokus i kommunen. Å få CRPD med som eit prioritert område i relevante tema- og handlingsplanar som skal reviderast, vil sikre naudsynt forankring og betre moglegheiter til å lykkast med arbeidet. Planstrategien kan difor under FNs berekraftsmål òg nemne dei sentrale FN konvensjonane «FNs barnekonvensjon» og «FN konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)».

Personar som møter ulike barrierar for deltaking og inkludering i samfunnet, på grunn av funksjonshindringar, utgjer ein stor del av kommunen sine innbyggjarar. Desse bør difor vere godt representert i medverkingsprosessane knytt til alle planar. Medverking frå dei som erfarer funksjonshindringar i samfunnet vil til dømes vere særleg aktuelt i arbeidet med Handlingsplan for velferd.

Utdanning

Utdanning er viktig for å hindre utanforskapskulturen, og i forventningane til planstrategi blir det nemnt bekymring for barn og unge som står utanfor skule, utdanning og arbeidsliv. Rogaland har over tid hatt det lågaste fråfallet frå vidaregåande opplæring i landet, men det er viktig at kommunane stadig vurderer tiltak for å auke delen som fullfører. I ei tid kor alle kommunane busett flyktningar, er det viktig at kommunane har gode planar for å inkludera dei nykomne, og eit godt opplæringstilbod, og for vaksne.

Hå kommune har nyleg vedtatt ny kommuneplan, og skal ikkje foreta fleire revideringar i planperioden. I planperioden skal kommunen utarbeide ein Oppvekstplan og revidere kvalitetsplanane for barnehage og skule.

Den nye kommuneplanen har gode og relevante mål og strategiar for oppvekstområdet, og desse vil truleg være grunnlaget for ny Oppvekstplan og revideringa av kvalitetsplanane. I tillegg meiner Statsforvaltaren at kommunen må ha særleg merksemd på elevane sin lesedugleik både på barne- og ungdomstrinn.

Kommunen manglar lærarar både i barnehage og grunnskule. Den er aukande i begge sektorane, men barnehagelærarmangelen er særleg prekær. Hå bør vurdere å utarbeide ein strategi for å rekruttere og behalde lærarar, eller synleggjere den på heimesidene om kommunen allereie har ein slik strategi.

Planstrukturen på kommunen sine heimesider inneheld ikkje ein inkluderings- og integreringsplan for innvandrarar og flyktningar. Dette er heller ikkje tema i den nye kommuneplanen. Sett i lys av



den store jobben med busetting som kommunen har gjort dei siste åra, rår Statsforvaltaren kommunen om å vurdere å utarbeide ein plan eller strategi for dette området.

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, blir det trekt fram at det vil bli utfordrande å nå målet om mindre ulikskap. Utdanning er heilt sentralt for å utjamne forskjellar, og då krevst barnehagar og skular med høg kvalitet. I kunnskapsgrunnlaget til planstrategien må kommunen derfor utarbeide oversikt over styrker og utfordringar i fagområda, og vurdere om det er område som krev nye eller oppdaterte planar.

Dei nasjonale forventningane trekk og fram viktigeita av å tidleg vurdere lokalisering og arealbehov for nye skular og barnehagar ved revisjon av arealdelen. Skule- og barnehagebruksplanar bør vere oppdaterte på befolkningsframskrivningar og planar for bustadbygging.

Økonomisk handlingsrom

Kommunen har i dag eit større økonomisk handlingsrom. Det å arbeide for å forsterke og vidareutvikla samanhengen mellom kommuneplanen sin samfunnssdel, tema- og handlingsplanar med handlings- og økonomiplanen er viktig for å oppretthalde eit godt økonomisk handlingsrom inn i framtida.

Arealbruk og arealstrategi

I nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er det tydeleg kommunisert at kommunane må vurdere arealbruken opp mot viktige omsyn som jordvern, naturvern, klimaendringar og klimagassutslepp, jf. bl.a. pkt. 45, 47, 53, 66 og 69. I pkt. 47 står det at kommunane ved revidering av kommuneplanen sin arealdel skal vurdere om tidlegare godkjent arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfold, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit hensiktsmessig utbyggingsmønster.

Moglegheitene for fortetting, gjenbruk og transformasjon av allereie utbygde areal bør tas i bruk, før jordbruksareal, viktige natur- og friluftstarealer og karbonrike areal som myr, skog og anna næringsrik jord blir omdisponert. Planstrategien bør derfor også gjennomgå arealbruk og arealpolitikk i kommunen, og sørge for at desse samanfaller med viktige klima- og miljøomsyn.

Hå kommune syner til at den langsiktige arealstrategien i ny kommuneplan slår fast at den langsiktige grensa mellom tettstad og landbruk skal respekterast, og at årleg nedbygging av jordbruks- og naturareal ikkje skal overskrida 30 dekar. Bustadbygging skal skje i Stokkalandsmarka og som fortetting i stasjonsbyane.

Vidare er det peika på at det er rom for næringsutvikling i tettstadene, med næringsklynger i Kviamarka og Sirevåg som bidreg til innovasjon og rekruttering. Det er elles peika på at råstoffutvinning er naudsynt for samfunnet, men ofte konfliktfullt, og at arealstrategien peikar på Aniksdal som eigna for slik verksemd. Statsforvaltaren fremma motsegn til utvidinga av råstoffutvinning på Aniksdal då kommuneplanen var til offentleg ettersyn. Denne motsegna blei ikkje løyst i mekling, og skal bli oversendt til KDD for endeleg avgjerd. Hå kommune har i følgje DMF sin nettsstad ni masseuttak med konsesjon per i dag. Dersom behovet er til stades for fleire masseuttak bør kommunen vurdera andre eigna areal enn Aniksdal, som på grunn av konflikt med nasjonale interesse har ført til uløyst motsegn.

Landbruk

Me syner til at Stortinget den 16.06.2023 vedtok ny, [nasjonal jordvernstrategi](#), kor det nasjonale målet for omdisponering av landbruksjord er redusert til maksimalt 2000 dekar dyrka jord i året. Det



inneber at alle kommunar må ha fokus på å unngå omdisponering, vurdere tilbakeføring av areal som ligg i kommuneplanen og som over tid ikkje har vore regulert eller ikkje tilfredsstiller viktige mål innanfor ATP, effektiv utnytting, omsyn til jordvern og natur mv («planvask»). Dette er også presisert i [brev frå Landbruks- og matministeren og Kommunal- og distriktsministeren](#) til alle kommunestyre-politikare datert 29.04.2024. Dersom kommunen finn å skulle revidere arealdelen, legg me til grunn at kommunen i vidare plan- og utgreiingsarbeid utarbeidar ein arealstrategi og eit arealrekneskap. Det finst mykje rettleiingsmateriell med vidare på Kommunal- og distriktsdepartementet sin nettstad, mellom anna temaside om Regional- og distriktpolitikk og Planlegging etter plan- og bygningslova. Me viser elles til Rogaland fylkeskommune sin rettleiar «[Arealplanlegging på jærsk](#)», rettleiar til RPJSR om arealstrategi og jordvernsmål, samt til [fylkeskommunens digitale teneste for arealregnskap](#) som gode verktøy.

Hå kommune har ein relativt fersk kommunedelplan for landbruk, og det er ikkje lagt opp til å revidera denne. Men landbruket og skogbruket sin rolle i Hå bør fram i kommuneplanarbeidet dersom samfunnssdelen eller arealdelen skal reviderast. Når det gjeld utviklingstrekk og utfordringar innanfor landbrukssektoren i Hå, er kommunen kjent med fleire av desse, og me syner til dømes til funn i spørjeundersøkinga «[Framtidsutsikter for landbruket i Rogaland](#)» og anna statistikk som kunnskapsgrunnlag for å gripe fatt i tematikken. NIBIO skal lage en ny, oppdatert [verdiskapingsrapport for jordbruket](#) i Rogaland som vil være klar til hausten, denne kan kommunen dra nytte av. Vi viser også til dei innspela vi ga i samband med oppstart av felles næringsstrategi for kommunane Hå, Time og Klepp, der landbruk og matproduksjon er ei av tre satsingsområde.

Strandsone

Avklaring av arealbruk i strandsona skal skje gjennom planlegging, og først og fremst gjennom kommuneplanen sin samfunns- og arealdel, jf. [Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen](#) (SPR-strandsone). Strandsona er ein avgrensa ressurs av nasjonal og regional betydning. Jf. pbl. § 1-8 skal det tas særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og andre ålmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag.

Natur og klima

Kommunane si arealplanlegging er avgjerande for at Noreg skal kunne redusera utsleppa i arealbrukssektoren fram mot 2030, og for ivaretaking av natur. [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) (SPR-klima) seier at kommunen i sin planstrategi skal «*omtale behovet for oppdatering av eksisterende eller utarbeiding av nye planer, i lys av forventede klimaendringer og tidligere uønskede naturhendelser. I planstrategien skal det gjøres en vurdering av om hensynet til et endret klima innebærer et behov for oppheving eller revisjon av gjeldende planer.*» Retningslina må sjåast i saman med klimalova, og særleg lova si § 3, klimamål for 2030, som varrt oppdatert hausten 2022 til å vere «*redusere klimagassutsippene med minst 55 % innen 2030*» samanlikna med 1990. Føremålet med SPR-klima er å sikre at kommunane prioritærar arbeid med å redusera klimagassutslepp, legge om til miljøvenleg energi, og ivareta klimatilpassing i planlegging. Dette skal gjerast gjennom «*bruk av et bredt spekter av kommunens roller og virkemiddel.*» Utsleppsreduksjon, energiomlegging og klimatilpassing er viktige og sektorovergripande satsingsområde som bør være eit tema i kommunen sitt overordna planverk.

Kommunen har eit ansvar for å avgrensa sine klimagassutslepp, både som organisasjon og som kommune. Når denne planstrategien skal erstattast, vil det vere ca. 2 år til målsetninga om minst 55 % utsleppskutt samanlikna med 1990 skal vere nådd. Det er derfor klare forventningar om at planperioden me no går inn i nyttas til å legge kortsiktige og langsiktige planar for permanente klimagassutsleppsreduksjonar, og at kommunen sitt planverk vert oppdatert i høve til klimalovas



målsetningar, statlege planretningslinjer og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.

SPR-klima seier at «*Planer som behandler klima- og energispørsmål skal vurderes revidert minst hvert fjerde år, jf. bestemmelsene om revisjon av kommunale og regionale planstrategier*». Me anbefaler derfor at alle kommunar i Rogaland utarbeidar ein oppdatert kommunedelplan for klima, med målsetningar som minimum tilfredsstiller den nasjonale målsetninga. Alle kommunar i Rogaland bør og utarbeide handlingsplanar med konkrete tiltak som skal settast i verk for å nå disse målsetningane, Desse handlingsplanane bør samordnast eller integrerast i økonomiplanen.

I klima/energi-avsnittet er det ingen omtale av kva strategi eller ambisjon kommunen har for korleis dei vil få ned klimagassutsleppa. Det bør komme fram i ein planstrategi. Vidare skal klima og energiplan for Hå kommune gå ut, og det kjem ikkje fram korleis kommunen då skal arbeide for å oppfylle forpliktingane for å kutte klimagassutsleppa

I Noreg har me eit mål om at ingen artar eller naturtypar skal forsvinne, og at me skal verne ein representativ del av den norske naturen for framtidige generasjonar. Dette har og blitt meir aktuelt etter at Noreg, saman med 195 andre land, skrev under på Naturavtalen i Montreal i 2022, kor eit av måla er å verne 30 % av all natur på land og i vann innan 2030. FN har vidare erklært 2021-2030 som tiåret for restaurering av natur. Restaurering av økosystem har som mål å forhindre, stoppe og reversere svekkinga av økosystem på alle kontinent og i alle hav. Den nye naturavtalen peikar på kor viktig det no er å restaurere meir natur, og har satt som mål å restaurere 30 % av dei forringa økosistema innan 2030. Naturavtalen sine målsetningar legg og føringar for kommunane i Rogaland, og me anbefaler at kommunane legg opp til at naturavtalen sine målsetningar om vern og restaurering kan nås i kvar kommune, eller at det vert samarbeidd på tvers av kommunegrenser for ein heilskapleg måloppnåing. I Hå kommune sitt planprogram er bevaring av naturverdiar ikkje tillagt særleg vekt.

Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for naturen er eit viktig grunnlag for planlegginga, og planprosessane kan bidra til å identifisere viktig naturmangfold, økologiske samanhengar og viktige funksjonsområde på land og i sjø. Eit systematisk arbeid med naturmangfold i planlegginga vil bidra til langsigkt ivaretaking av verdifulle naturområde, og kan avdekke behovet for meir kunnskap. Ein tematisk kommunedelplan for naturmangfold kan vere eit ledd i eit slikt arbeid. Me minner om at Miljødirektoratet har utarbeidd ein eigen [rettleiar](#) for utarbeiding av slik plan. Kommunane kan søke om midlar til utarbeiding av kommunedelplan gjennom Miljødirektoratet sin årlege støtteordning. Me vil informere med brev til kommunane og via våre nettsider når det blir opna for nye søknader til ordninga.

Samfunnstryggleik og beredskap

Førebyggande samfunnstryggleik blir stadig viktigare, og gode kunnskapsgrunnlag og planverk er grunnlaget for dette. [Forskrift om kommunal beredskapslikt](#) definerer kommunane sitt ansvar og slår fast at kommunen sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse (H-ROS) skal ligge til grunn for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. På bakgrunn av denne analysen skal kommunen utarbeida langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet.

Klimaendringane og den tryggleikspolitiske utviklinga med auka spenningsnivå og krig i Europa, gjer det nødvendig å ta omsyn til førebyggjande samfunnstryggleik i større grad, også innan planar etter plan og bygningsloven. Planstrategien viser at dette er på dagsorden i Hå. Det bør og konkretiserast meir i neste revidering av H-ROS, og vidare i anna relevant planverk.



Slik samfunnet utviklar seg er det også viktig å minimere konfliktpotensialet mellom kritisk infrastruktur og nye næringsområde, og anlegg som kan påverke risikobiletet for eit område. Det er også viktig å vurdere korleis risikobiletet blir endra som følge av det grøne skiftet; som aukande kraftproduksjon og bruk av nye energiformer, ny teknologi og korleis det kan påverke sårbarheita i samfunnet.

Nye statlege føringer legg større vekt på å ta omsyn til klimaendringar og naturfare innan samfunnstryggleik og beredskap. Det same gjeld viktigeita av å ta vare på samanhengande natur- og landbruksområde i eit beredskapsperspektiv. Regjeringa forventar at kommunane bidreg til ein robust kritisk infrastruktur, som kraftforsyning, drikkevassforsyning og avløpssystem. I delen om klima og miljø skriv kommunen at «område som vert bygde ut må ta omsyn til endra klimatiske høve». Dette er viktig, men samtidig må ein og ta omsyn til klimaendringane i heile kommunen, både i eksisterande bygde område og i landbruket. Det står og at vatn- og avløpshandtering må «handtere dei normale nedbørsmengdene»; men det er også viktig å planlegge for dei unormale nedbørsmengdene og. Det vil og kunne innebere mangel på nedbør.

Omsyn til Forsvaret har tradisjonelt ikkje vore forventa i plansamanheng, men dagens tryggleiks-politiske situasjon gjer at det må leggast meir vekt på vurderingar i forhold til totalforsvaret også i arealplan. Dette gjeld både Forsvarets eigne areal, kva dei treng av nye areal i framtida og kritisk infrastruktur dei er avhengige av for å kunne forsvare landet. Totalberedskap og samfunnstryggleik er eit nasjonalt satsingsområde, og me meiner derfor det er behov for å innlemme det på ein tydelegare og meir forpliktande måte i planstrategien og planprogrammet, og i planarbeidet framover. Det kan og innebere å i større grad vurdere tilsikta hendingar i risikovurderingar for plansaker.

Klimarisiko

Klimarisiko er viktig å adressere tidleg i planprosessen, tilnærminga til dette kan ha stor effekt på kommunen si evne til grøn omstilling. Dette gjeld både fysisk, overgangs- og ansvarsrisiko. [Meir om dette kan lesast her.](#)

Jamfør SPR-klima skal planstrategi «*beskrive utviklingstrekk og utfordringer, herunder knyttet til dagens og fremtidens klima. Både eksisterende og ny kunnskap om klimaendringer og konsekvenser av dette, som nye farekart og lignende bør vurderes og omtales her. For eksempel kan framtidige klimaendringer føre til at områder som til nå har vært ansett som sikre, ikke lengre innfrir kravene i plan- og bygningsloven*

. Som tidlegare nemnt, seier retningslinja og at kommunen i planstrategien skal vurdera behovet for å oppdatere eksisterande planar i lys av klimaendringane, og sikre at komande planar tek i vare omsynet til klima. Det gjelder også å følgje opp utfordringar som er avdekka i fylkesROS eller i kommunen sin heilskaplege ROS. Vidare seier retningslinja at «*kommunen bør kartlegge økosystem og arealbruk med betydning for klimatilpasning*». Dette kan gjerast gjennom eigne tematiske kommune-delplanar eller i arbeid med kommunale arealplanar. Kommunen bør sørge for at arealbruken ikkje bidreg til auka klimarisiko. Krav til naturbaserte løysningar må følgjast opp i all kommunal saks-handsaming, i tråd med SPR-klima pkt. 4.3, siste avsnitt og regionalplan for klimatilpassing.

Klimarisiko kan gjerne sjåast på i samanheng med naturrisiko, som er greidd ut om i NOU 2024:2. Det skal vise risikoen forbunde med tap og forringing av natur, for både enkeltaktørar og for samfunnet. Me meiner ein må sjå heilskapleg på dei ulike risikoane forbundne med endringane i arealbruk og minkande natur.



Kommunen bør vurdere å utføre ei kartlegging over klimasårbarheit. Det kjem stadig ny informasjon om konsekvensar av klimaendringane, no sist ein ny rapport om havnivåstigning med rettleiar og nye tal på stormflo som må innarbeidast i planlegginga. Kommunen bør kartlegge fordrygingsareal og, der ein kan sjå på samanhengen mellom nedbygging/drenering og auka avrenning nedstraums.

Me vil også minne om nyleg reviderte [FylkesROS 2023-2026](#), der kommunen finn mykje informasjon om risiko og sårbarheit innan ulike tema i fylket.

Det går fram av plan- og bygningslova § 11-13 at det for kommuneplan skal utarbeidast eit planprogram, jf. pbl. § 4-1. Dette skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker. Me tek etterhald om å kome med meir konkrete innspel til vidare arbeid med revisjon av kommuneplanen når planprogrammet kjem på høyring.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
BANE NOR ARNA	Postboks 4350	2308	HAMAR